



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 19/22588-2	Dykkar referanse: 19/69	Vår dato: 15.02.2019
------------------------------------	--	------------------------------	----------------------------	-------------------------

### Uttale til søknad om dispensasjon frå LNF føremålet – Frådeling – Fonnestvegen 168 – gnr. 106 bnr. 6 – Lindås kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå LNF-formål for frådeling av våningshus, motteke 30.01.2019.

Søknaden gjeld frådeling av parsell med våningshus, frå landbrukseigedom gnr. 106 bnr. 6 ved Fonnebust i Lindås kommune. I 1987–88 vart det bygd nytt våningshus på eigedomen, og dette våningshuset vil framleis høyre til landbrukseigedomen.

#### Vår vurdering

Vi legg til grunn for vår vurdering at våningshuset som søkjast frådelt vart bygd før ny veglov vart vedteke i 1963. Ut frå dette har bustaden avkøyrsløyve etter eldre veglov. Våningshuset som vart bygd i 1987–88 fekk avkøyrsløyve i vedtak datert 05.11.1987. I dag er har difor begge bustadene løyve til avkøyrsløve. Det vil vere naturleg at det eine løyvet vert overført til den nye eigedomen dersom frådeling vert godkjent. Vi minner samstundes om at eigar og brukar av avkøyrsløve har plikt til å halde denne i forskriftsmessig stand.

Statens vegvesen har ingen vesentlege merknader til kommunens handsaming av dispensasjonssaka.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Kopi

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN